

LOKALHISTORIE I BERGSDALEN SKULE

Ole Petter Lien

Bergsdalen skule har etterkvart tradisjon for å inkludera lokalhistorie i samarbeidet med heimane og bygda. Desse sluttar mannsterkt opp kvar gong. I 1995 vart stølane besøkte og jobba med. Skuleåret 1996/97 var satsingsområdet dei mange ferdsl- og driftevegane i dalområdet. Det må nemnast at gamle hovuddriftevegen til Bergen gjekk over Bergsdalen. Hausten 1996 gjekk skulen og andre interesserte kløvvegen frå Fosse til Småbrekke i 3 etappar. Her finst framleis tydelege far og vegminne mellom Fosse-Øye, Brekke-Solbjørg-Berge og Hatlestad-Kaldestad-Småbrekke. Det står att å gå opp kløvvegen frå Fosse ned til Dale.

Dei største elevane ved skulen (5.klasse) fekk ei stor utfordring i å studera den tidlegare Kaldå bru mellom Hatlestad og Kaldestad. Oppgava var å laga ein modell med metodar tilsvarende dei som vart nytta på den originale kvelvingsbrua. Torgeir Kykkjeteig (1877-1967) frå øvste garden Rødland var meister for brua. Då Fykjesundbrua vart opna 1937, fekk han Kongens fortjenestemedalje for framifrå vegbyggingsarbeid.

Kvelvingsbrua over Kåldåni er seinare teken ned. Ho vart for smal for moderne bilar. Men ein stabbestein med innskrifta "Kaldaa bro 1905" er funnen og reist opp att på den nye betongbrua. (Bilete i Bergsdalsboka 1:279)

I sitt arbeid med modellen måtte elevane studera konstruksjonsmåtar, materialbruk og arbeidsmåtar vedkomande bygging av kvelvingsbruer. Her fekk me hjelp av Nils Lid. Han synte kløyving og tilverking av stein med gamal steinreiskap. Den ferdige modellen var seinare med på utstillinga Ungdommens Kulturmönstring i Dalekjellaren november 1996 og like eins for kommunen på ditto fylkesmönstring i Bergen mars 1997.

Hausten 1997 gjekk så skulen hovudferdslevegen frå Berge til Bolstadøyri, ein i dag lite brukt, men innhaldsrik sti og kløvveg. Me har vidare jobba med bruken av vasskraft i ny og gamal tid, til dømes prøvd den restaurerte kverna på Kaldestad. Våren 1998 vil skulen fylgja opp dette arbeidet i samarbeid med gardbrukarane i dalen. Elevane i 7.klasse tek då til med registrering av fysiske kulturminne på dei einskilde gardane, til dømes med innplotting av dei gamle kvernhusa på kart.



Nina Bergo, Jan Eirik Småbrekke, Andreas Pettersen med modellen av Kaldaa bro

Foto: Hordaland/ Reidar Takvam

I arbeidet gjer me oss god nytte av bygdebøkene for Bergsdalen og andre lokalhistoriske skrifter. Men ein har òg måtte studera andre skrifter, til dømes om steintilverking og kvelvingsbruer.

Fruktene av slikt arbeid er mange. Dei knyter ung og gammal saman i oppleving og felles arbeid. Tråder vert trekte mellom ny og gammal tid. Borna får overlevert tradisjonar og kunnskap om heimbygda si, viktige element for å finna ei framtid i bygda.

Lokalhistorisk betyr arbeidet auka merksemد kring gøynde og gløymde kulturminne. Slik kan skulen vera med å redda fysiske minne og kunnskapar frå evig gløymsle. Delar av dei historiske minna kan ein så sjå seg råd til å setta istand med tanke på friluftsliv og næringsverksemد eller i vørnad for slitets folk. Det er også verdt å merka seg at den nye grunnskulereforma av 1997 legg stor vekt på praktisk arbeid, arbeid i og med nærmiljøet, samt meir samarbeid med heimane og nærmiljøet. Dette lovar godt for det framtidige lokalhistoriske arbeidet i skulane.